

Bygger for fullt

Bustadbygginga i Sauda er i ferd med å ta seg skikkeleg opp, ifølge statistikken frå Statens kartverk Stavanger. Tala seier at det i perioden januar – juli vart godkjent 14 bustader i Sauda. Det er heile 12 fleire enn i dei same månadene i fjor.

Vidare vart det i perioden sett i gang arbeid på fire bustader og tre vart tekne i bruk. Dei tilsvarende tala i fjor var

høvesvis ein og to.

Også i Suldal er det full fart på hammarar og sager for tida. Her vart det godkjent fem bustader og sett i gang arbeid på fem bustader i løpet av dei sju første månadene i år. I tillegg vart ein nybygd bustad teken i bruk. Til liks med Sauda, er tala for nabokommunen markert høgare enn i same perioden for eitt år sidan.

Liv på torget på Sand

Snart skjer det igjen noko nytt på torget på Sand.

■ ARVID HORPESTAD

Det såkalla fantasibygget på Torget på Sand, eit bygg barna har hatt stor glede av, vert snart fjerna. Men suldløene er opptekne av å skapa aktivitet og stemning på torget, ei utfordring som aukar på når hausten og vinteren nærmar seg. Difor vert

det i løpet av september sett opp tre utstillingsmontre laga av biletkunstnar Bernhard Østebø. Desse montrane er meint å kunna brukast av alle, og skal fungera som ein mellomting mellom oppslagstavle, galleri og "Speakers corner", melder Suldal kommune på sine nettsider. Eitt av krava kunstnaren fekk, var at montrane skal vera fleksible nok til å romma alt frå teikningar til mormor sitt spøt. Her skal skule-

klassar og hobbykunstnarar få stilla ut sine arbeid, og einskildpersonar sleppa til med sine synspunkt om utviklinga av Sand sentrum.

– Me vonar at dette skal verta ein kjærkomen plass for alle som har noko dei vil syna fram, eller har meiningar om Sand sentrum, seier kunstlos og tettstadforedlar Alf Waage på dei kommunale nettsidene.

arvid@ryfylke.net

Til Oslo med søknad

Stavanger 2008-prosjektet i Djuvsbotnen vil kosta 9,4 millionar kroner. Sauda søker Norsk kulturråd om produksjonsstøtte.

■ FRANK WAAL

I dag er ordførar Laura Seltveit i Oslo saman med prosjektleiar for Stavanger 2008-arrangementet i Svandalen, Mocci Ryen. Dei skal i møte med Norsk kulturråd for å presentera prosjektet og levera ein søknad om økonomisk støtte.

– Kulturrådet har mange ulike støtteordningar, men i høve prosjektet vårt har me valt å søka om produksjonsstøtte. Det vonar eg verkeleg me får, seier ordførar Seltveit spent.

– Kor mykje søker de om?

– Me søker om mest mogleg, men me har ikkje landa på noko konkret tal ennå, det tek me like før, svarar ho.

Prislappen er rekna til å lyda på 9,4 millionar kroner og lokalpolitikarane har sagt ja til at Sauda kommune stiller som garantist for fire millionar kroner til den europeiske kulturhovudstaden Stavanger 2008. Rogaland fylkeskommune har imidlertid lova å ta ein av desse fire millionane på si kappe.

Seltveit er innforstått med at ho ikkje får noko svar på søknaden i dag, hensikta med møtet er å presentera planane i Svandalen og levera søknaden.

Store forventingar

Ordføraren har store forventingar til Stavanger 2008-arrangementet i Svandalen.

– Det har ikkje vore arrangert noko liknande utandørs på snø i Noreg sidan Lillehammer-OL, og det er spesielt med plasseringa av scenen i Djuvsbotn, viser Seltveit til.

Storarrangementet er lagt opp til å femna om både profesjonelle aktørar og lokale songarar, skodespelarar, alpinistar og lag og foreiningar.

– Nå er me inne i ein periode av planlegginga der fleire og fleire skal involverast, forklarar ordførar Laura Seltveit.



PROSJEKTLIAR: Mocci Ryen, prosjektleiar for Stavanger 2008-arrangementet i Svandalen, vil vera i Sauda store delar av komande veke for å førebu gigantsatsinga. (Arkivfoto: Frank Waal)

Følgeleg vil prosjektleiar Mocci Ryen vera i Sauda store delar av komande veke. Då vil ho, i tillegg til å besøka Svandalen og Djuvsbotnen, ha ei rekke møte med mellom

anna lokale lag og foreiningar.

"Mot Himlaleite"

Sauda står sjølv ansvarleg for den praktiske delen av arrangementet,

og det er dette prosjektleiar Ryen nå arbeider med. Den kunstnarlege delen står Dans Design for, slik dei gjorde under opninga av Lillehammer-OL.

"Mot Himlaleite" er namnet på gigantarrangementet i Djuvsbotnen i mars 2008.

frank@ryfylke.net